



Nordhordland Fotoklubb v/ Øyvind Aasgard  
Leknesvegen 124  
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2441 - 16/20957

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

08.08.2016

## Svar vedk. søknad om bruk av lokale

Vi viser til søknad om lån av skulen sitt personalrom, samt tilgang til det trådlause nettet på skulen skuleåret 2016/2017.

Skulen gjev med dette løyve til at de nyttar personalrommet første måndag i kvar måned når skulen er open. Vi ber om at de gjev melding dersom de endrar datoar, dette på grunn av bestilling av varme. Minner også om alarman som kjem på kl. 22.00.

Ein person i klubben må kvittera ut, og vera ansvarleg for nøklane til skulen. Desse skal leverast inn i skulen sin sumarferie.

De ber også om å få tilgang til skulen sitt trådlause nettverk. De får brukarnavn og passord på skulen sitt kontor.

Vedlagt fylgjer diverse reglar for utlån av skulerom i Lindås kommune.

Vi ber om at skjemaet «Instruks for utleige av lokale» vert underskrive og returnert til skulen snarast.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Nordhordland Fotoklubb v/ Øyvind Leknesvegen 124 5915  
Aasgard

HJELMÅS